



Arkivsaksnr.:
2024/13527

Dokumentdato:
11.10.2024

Styre:
Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Styresak:

Møtedato:
17.10.2024

Utlysningstekst førsteamanuensis - faglig praksisleder (ettersending)

Bakgrunn

Institutt for pedagogikk ber om å få lyse ut en fast stilling som førsteamanuensis. Førsteamanuensis vil være faglig praksisleder med ansvar for praksisutvikling og skolesamarbeid i lektorutdanningen. Vedlagt er forslag til utlysningstekst.

Lektorutdanningen ved Universitetet i Bergen omfatter 5-årig lektorutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning, med til sammen omkring 900 studenter. Lektorutdanningen er et samarbeid mellom flere fakultet og blir koordinert av lektorsenteret ved UiB.

Lektorsenteret ansetter ikke personer i vitenskapelige stillinger, og den som får stillingen ansettes ved Det psykologiske fakultet, som har et sterkt utdanningsvitenskapelig miljø. Ansvar for personaladministrasjon og -oppfølging for stillingen ligger hos Institutt for pedagogikk.

Oppgavene som skal rapporteres til Det psykologiske fakultet, utgjør 50 % av den totale arbeidsmengden, og omfatter 46 % forskningsdel, inkludert ph.d.-veiledning og 4 % masterveiledning. Oppgavene som skal rapporteres til lektorsenteret, utgjør 50 % av den totale arbeidsmengden, og omfatter 42 % faglig praksisutvikling og -ledelse og 8 % administrasjon (knyttet til praksisutvikling og skolesamarbeid). Utdanningsforskning, praksisutvikling og skolesamarbeid er aktiviteter som skal støtte opp om hverandre. Det er slik snakk om én helhetlig stilling, selv om vedkommende som får stillingen, skal rapportere til ulike enheter ved UiB.

Den som blir ansatt skal ha fast kontorplass ved lektorsenteret. Vedkommende får i tillegg tildelt kontorplass ved Institutt for pedagogikk for forskningsdelen av stillingen. Det blir lagt opp til fleksibilitet og smidighet når det gjelder deling av tid mellom de to fysiske arbeidsstedene.

Stillingen har ikke ordinære undervisningsoppgaver, men det vil legges til rette for at stillingsinnehaveren skal kunne kvalifisere seg til professor.

Stillingen finansieres i sin helhet av Lektorsenteret, også i perioder med forskningstermin.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar å lyse ut stilling som førsteamanuensis / faglig praksisleder slik det fremgår i vedlagte utlysningstekst under forutsetning av finansiering ved Lektorsenteret. Dekan får fullmakt til å sluttstille utlysningsteksten.

Norman Anderssen
dekan

Anne Kristin Aanstad
fungerende fakultetsdirektør

Saksbehandler: Anette Bynes D'Arcy

Vedlegg

- Utlysningstekst

Førsteamanuensis

Universitetet i Bergen har ledig ei fast stilling (100 %) som fagleg praksisleiar (førsteamanuensis) med ansvar for praksisutvikling og skulesamarbeid i lektorutdanninga.

Lektorutdanninga ved Universitetet i Bergen omfattar 5-årig lektorutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning, med til saman om lag 900 studentar. Lektorutdanninga er eit samarbeid mellom fleire fakultet, og blir koordinert av lektorsenteret ved UiB.

Som fagleg praksisleiar vil du bli tilsett ved Institutt for pedagogikk. Du vil rapportere til fagleg leiar ved lektorsenteret for oppgåver som gjeld praksisutvikling og skulesamarbeid, og ha fast kontorplass ved lektorsenteret. Forskingsdelen av stillinga er knytt til Institutt for pedagogikk og forskingsmiljøet der. Du har kontorplass der òg.

Du må ha god kontakt med praksisfeltet i skulen.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde

- Arbeide med den profesjonsfaglege kvaliteten i praksisopplæringa i lektorutdanninga
- Fagleg utvikling av praksissamarbeid og partnerskap med skular og skuleeigarar
- Fagleg utvikling av skuleretta etter- og vidareutdanningstilbod
- Leie praksisutvalet
- Drive forskning som er relevant for stillinga
- Vere aktivt medlem i ei av forskingsgruppene ved instituttet
- Initiere og ta del i samarbeid om forskingsprosjekt, søknadsskriving og publisering
- Rettleie ph.d.- og masterstudentar

Vi viser til dei generelle reglane ved universitetet om at den som blir tilsett også kan bli pålagt arbeidsoppgåver utanfor den organisasjonseininga som stillinga er knytt til, innanfor normal arbeidsplikt og den tilsette sin faglege kompetanse.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

Du må

- ha norsk doktorgrad i pedagogikk, fagdidaktikk eller eit anna felt med relevans for lektorutdanninga, eller tilsvarande på søknadstidspunktet
- ha lærarutdanning
- ha grunnleggjande utdanningsfagleg kompetanse på universitets- og høgskulenivå. Dersom du ikkje kan dokumentere tilstrekkeleg utdanningsfagleg kompetanse ved tilsetjing, må kravet om grunnleggjande utdanningsfagleg kompetanse på universitetsnivå vere oppfylt innan to år.
- kunne dokumentere at du har erfaring med prosjektleiing, koordinering av forskings- og undervisningsaktivitetar og strategisk planlegging. I den samanhengen vil òg administrativ erfaring i sektoren kunne telje positivt.
- ha gode samarbeidsevner. Andre personlege eigenskapar som er nødvendige for stillinga vil òg bli vektlagde.

Du bør ha

- brei skulefagleg erfaring og/eller forskingsbakgrunn i fagdidaktikk, pedagogikk eller disiplinfag som er relevant for lektorutdanninga.

I vurderinga vil det bli vurdert som positivt om du kan vise til systematisk arbeid med utvikling av undervisningskvalitet i skulen eller i høgare utdanning, særleg innanfor lærarutdanning.

Undervisningsspråket er i hovudsak norsk. Det blir kravd at den som blir tilsett har ferdigheiter i norsk eller eit anna skandinavisk språk på nivå B2 innan tre år etter tilsetjinga. UiB tilbyr norskopplæring og vil legge til rette for at språkkravet kan oppfyllest.

I tilsetjingsprosessen blir det gjennomført intervju, prøveforelesing og referanseinnhenting i tilsetjingsprosessen. Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Vi tilbyr

- spennande og utviklande arbeidsoppgåver
- løn etter lønssteg 72 - 78 (kode 1011) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjer ei årsløn på kr 720 100 - 821 100 brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde

- Søknadsbrev
- CV
- Vitnemål og attestar
- Fullstendig publikasjonsliste
- Utdanningsfagleg mappe og refleksjonsnotat i samsvar med [UiB sine retningslinjer](#).
- Liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde (maksimum 10, kan inkludere avhandlingar, monografiar eller artiklar/kapittel).
- Det kan leggjast ved inntil 5 bidrag knytte til formidling eller praksisretta utviklingsarbeid
- Namn og kontaktinformasjon til inntil tre referansepersonar. Ein av desse bør vere noverande eller tidlegare overordna

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge innan søknadsfristen.

Søknadene blir vurderte på grunnlag av den informasjonen og dei vedlegga som er tilgjengelege i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er særleg viktig at dei vitenskaplege

arbeida det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap blir lasta opp som vedlegg til søknaden. Søkjaren har sjølv ansvar for å sjå til at all informasjon er lasta opp innan fristen.

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan du få ved å vende deg til:

- leiar for lektorsenteret, professor Endre Brunstad
e-post endre.brunstad@uib.no
telefon 55588399
- instituttleiar ved Institutt for pedagogikk Kjersti Lea
e-post kjersti.lea@uib.no
telefon [55583133](tel:55583133)

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Mangfald er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar på tvers av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsvariasjon, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hól i CV-en til å søkje. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).